



## ÅRSMELDING 2016

### KONTROLLUTVALET - LINDÅS KOMMUNE

#### Organisering og møte

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2016 til 31.12.2016. I denne perioden har utvalet hatt fylgjande samansetjing:

#### Faste medlemmer:

- Peder Jøsendal (leiar) - SV
- Rolf Henning Hegland (nestleiar) - FrP
- Kåre Østrem - H
- Anne Kristin Tonning - Sp
- Rebecca Duesund Fjeldsbø (i premisjon f.o.m. juni 2016)
- Hege Kristine Mjelde (midlertidig fast medlem f.o.m. juni 2016)

#### Dei tre første varamedlemmene:

- Hege Kristine Mjelde (fast medlem f.o.m. juni 2016)
- Kåre Mestad
- Sissel Bjørke

Kontrollutvalet er eit lovpålagt tilsynsorgan som er valt av kommunestyret og rapporterer direkte om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet skal føre løypande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at der er ein forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet legg fram eit eige forslag til budsjett for sitt område for kommunestyret, med bakgrunn i planar for revisjonsarbeid vedteke i kommunestyret.

Frå og med 01.07.2013 er kontrollutvalet sine møter opne på lik linje med andre politiske møter. Kontrollutvalet har hatt 7 møter i 2016 og det er handsama 64 saker.

#### Revisjonen og sekretariatstenesta

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene ivaretas hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Kommunestyrets vedtak i saker som gjeldt val av revisjonsordning og val av revisor, skal treffast på grunnlag av innstilling frå kontrollutvalet. Frå 1. juli 2015 gjekk Lindås kommune ny avtale med Deloitte AS om revisjonstenester for kommunen, inkludert rekneskapsrevisjon m/årsavslutning, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som handsamast av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert iverksatt. Nordhordland Utviklingselskap IKS ivaretar sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. Sekretær for kontrollutvala er for tida Tonje Husum Aarland.



## Saker i 2016

Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordførar for å få nødvendige opplysningar i aktuelle saker.

Utvalet er opptatt av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert forvalta på ein god måte. Kontrollutvalet har mellom anna følgt tett opp prosjekt Lindås 2019, som går på internkontrollsystem i kommunen, gjennom fortløpande orienteringar frå administrasjonen.

Lindås kommune er i gang med ein kommunesamanslåingsprosess, og kontrollutvalet har såleis fått orienteringar frå ordførar korleis dette arbeidet vert lagt opp. Etter planen skal kontrollutvalet i dei aktuelle kommunane samlast for å sjå nærare kva kontrollutvala særleg bør vere obs på i slike prosesser.

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågåande arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har mellom anna lagt fram uavhengighetsærklæring.

Utvalet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig og avgjerande reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er også viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetre og kvalitetssikre tenestene. I løpet av 2016 har kontrollutvalet saman med sekretariatet og revisjonen jobba igjennom overordna analyse for å innstille til ein plan for forvaltningsrevisjon og ein plan for selskapskontroll for denne perioden. Planen for forvaltningsrevisjon vart handsama og vedtatt av kommunestyret i sak 089/16 i møte 15.12.2016. I planen for forvaltningsrevisjon skal følgjande område/prosjekt prioriterast i denne perioden:

- Informasjonstryggleik
- Internkontroll i skule og psykososialt skulemiljø
- Eining for funksjonshemma
- Innkjøp
- Arbeidet med psykisk helse og rus
- Overordna internkontroll

I sak 04/16 i utvalsmøte 29.02.16, handsama kontrollutvalet prosjektplan for forvaltningsrevisjon av kvalitetssystem/internkontroll, som var prioritert prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon i førre periode. Utvalet vedtok å ikkje i verksette dette prosjektet etter orientering frå rådmannen om korleis kommunen arbeidet med prosjekter knytt til internkontroll gjennom Lindås 2019. Forvaltningsrevisjon av internkontroll er såleis lagt opp i prioritert plan for forvaltningsrevisjon for denne perioden. Prosjektplan for forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik vart bestilt før jul, og vert handsama på førstkommande møte i utvalet.

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsrekneskapen og uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet. Årsrekneskapen for 2015 vart handsama som sak 20/16 i utvalsmøtet 12.04.16. Dette årsrekneskapet viste eit positivt netto driftsresultat på 36,3 mill. kr. Det var 9 mill. kr lågare enn i 2014, men 1,4 mill. kr betre enn budsjettert. Driftsinntektene viser ein auke på 2 %, mens driftsutgiftene har ein auke på 1,9 %. Lønnsutgiftene aukar med 3,2%, som er nær lønnsauken. Avvik i høve til



budsjett var gjort greie for i årsmeldinga. Kontrollutvalet peika også på store avvik i investeringsrekneskapen og at budsjettet må vere realistisk med omsyn til forventa framdrift/ressursbruk i prosjekta. Det vart også peika på note for sjølvkost som viste høge fond som må nyttast innan 5 år frå dei oppstod. Det er viktig at sjølvkostprinsippet ligg til grunn for fastsetting av kommunale avgifter.

Kontrollutvalet meinte at revisjon av årsrekneskapen var tilfredstillande utført etter kontrollutvalet sin oppfatning. Kontrollutvalet har i løpet av 2016 følgd opp revisjonen sine kommentarar i revisjonsrapporten.

Andre saker som vart handsama i 2016:

- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
- Internt rutinedokument: Kontrollutvalet Lindås – ansvar, oppgåver og organisering
- Innspel frå private til saker i kontrollutvalet
- Oppfølging av selskapskontroll av Lindås Tomteselskap AS (2015)
- Orientering om internkontroll og Lindås 2019
- Orientering om sjukefråvær i kommunen
- Dialog med ordførar om aktuelle saker i kommunen
- Orientering om offentlege anskaffingar
- Orientering om planlagde prosjekt i kommunen
- Plan for forvaltningsrevisjon
- Plan for selskapskontroll
- Oppfølging av merknader i revisjonsrapport nr. 11
- Orientering om økonomiplanen 2017-2020
- Kontrollutvalet sin økonomi og budsjettplan
- Politisk styringsstruktur og reglement for Lindås kommune
- Orientering om interne rutinar ved rekneskapsføring
- Orientering om interimrevisjon
- Orientering om aktuelle kurs for kontrollutvalet

### **Andre kommentarar**

I 2016 deltok fleire av medlemmene på kurs for kontrollutvalsmedlemmer: både kurset som vart arrangert i Knarvik 20. januar og på Solstrand 25. – 26. januar. Leiar deltok på leiar-møte for kontrollutvala i Nordhordland 10. juni. Kontrollutvalet ser på kurs og opplæring av medlemmene som viktig, for slik å utføre sitt mandat best mogleg. For at kontrollutvalet skal kunne vere eit aktivt tilsyns- og kontrollorgan, og følgje opp dei planane som er lagt for revisjonsarbeid, er det viktig at kommunestyret løyver nok midlar til formålet.

Kontrollutvalet vil takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen og kommunestyret i året som er gått.

*Knarvik 25. januar 2016*

*Peder Jøsendal  
Leiar*